



Klima- og Miljødepartementet
Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

ArkivsakID/ JplD: 18/21 19/2075

Dato:
31.01.2019

Kulturminnemeldinga

Viser til invitasjon om innspel til arbeidet med kulturminnemeldinga. Dette brev er eit felles faginnspel frå kulturavdelingane i Meland, Radøy og Lindås kommunar, som skal verte del av nye Alver kommune frå 1.1.2020.

Først vil vi gi uttrykk for at ei ny kulturminnemelding vil vere eit viktig tiltak i høve kommunal førstelineforvaltning for kulturminna våre. Arbeidet med kulturminneplanar har òg vore viktig for å skaffe oversikt, samle kunnskap og kunne få fram lokale prioriteringar for kulturminna våre.

Om ein i dette spørsmålet skal sjå 10 – 15 år fram i tid, og sjå på korleis kulturminneforvaltninga kan møte både utfordringar og moglegheiter knytt til dette, ønskjer vi å spele inn nokre moment med bakgrunn i vår erfaring innan kommunal kulturminneforvaltning, og som fagansvarlege i våre kommunar.

I Nordhordland, og Alver, er tørrmurstradisjonen eit merke. Både grunna dårleg tilgang til treverke og lokale estetiske strømmingar, vart bruk av natursteinsmuring utbreitt i regionen vår. Dette er eit handverk som står i tradisjon fleire tusen år tilbake i tid i Nordsjøområdet, der til dømes 1800-talets jordkjellarar er bygd med tilsvarande handverksteknikk som andre steinbygg over breie sveip i tid og rom i Nordvest-Europa. Moderniseringa av jordbruket vart aldri like omfattande i Nordhordland som i meir jordbruksintensive regionar, noko som har gjort at mykje av dette framleis står og til dels er i bruk, og lokale tradisjonsmurarar tek ansvar for å ta vare på denne kunnskapen.

Likevel er dette eit godt lokalt døme på det som i hovudsak er nyare tids kulturminne, og som er avhengig av god lokal kulturminneforvaltning til dømes i høve Plan- og bygningslova. Spørsmål om avklarte og formaliserte kommunale ansvarsoppgåver i høve kulturminnefeltet, og kanskje Kulturminnelova, bør kastast lys på i arbeidet med ny kulturminnemelding, både i oppfølginga av kommunereforma og arbeidet med kulturminneplanar i kommunane. Større kommunar kan i auka grad prioritere feltet både gjennom eigen kompetanse og ressursbruk, og i tette samarbeid og samhandling med andre aktørar.

Vidare vil vi peike på utfordringane i høve klimaendringar, og at klimatilpassingsrelaterte spørsmål òg bør belyst i arbeidet. Vi ser at ei viktig årsak til svinn av nyare tids kulturminne er samfunnsendringar i høve endra bruk av eldre bygg og strukturar. Dette vert aktualisert av auka nedbørsmengder og kraftige stormar. I tillegg til korleis ekstremvær påverkar eldre bygg, er eit anna døme dei korte elvesystema i vår

region. Desse drenerer store nedbørsfelt, og har kraftige naturlege svingingar i vassføringa. Den klimarelaterte forsterkinga av desse svingingane utgjør ein auka trugsel for til dømes eldre bruer, kvernhus og stemmer. Klimaendringar fører òg til utfordringar for landbruket, som spelar ein viktig part i å redusere svinnet av kulturminna våre ved vern gjennom bruk.

Skjøtsel av kulturminne er ei utfordring, og vi trur at ei satsing på skjøtsel og gjengroing av både einskilde objekt, kulturmiljø og kystlandskap vil kunne bidra til auka innsats på dette feltet lokalt. Her er det stort engasjement og vilje til å bidra frå mange aktørar, òg i samhandling med landbruket.

Private eigarar av kulturminne er i vår erfaring ofte opptekne av å ta vare på det dei eig, men dei treng støtte både i form av rettleiing, kunnskap og økonomiske tilskot til meirkostnader. Vi erfarer at private eigarar ofte opplever det som utfordrande at ulike tilskotsordningar har variable fristar. Dette gjer at det kan ta fleire år før ein eigar ser at dei har økonomisk høve til å gjennomføre vøl og tiltak ved sitt objekt. Det vil vere interessant om ei framtidig kulturminneforvaltning kan bidra frå sentralt hald til å få ei samkøying av ulike tilskotsordningar, for å forenkle dette tilhøvet for private eigarar.

Kommunale tilskotsordningar er viktige verktøy for god lokal kulturminneforvaltning. Det store behovet merker vi frå vår side oftast i høve bevaring av nyare tids kulturminne. Ordningar der kulturminnevernet spelar på lag med landbruket er viktige å oppretthalde og vidareutvikle. Som oppfølging av arbeidet med kulturminneplanar i kommunane, kan det ligge moglegheiter i ei ordning for nyare tids kulturminne tilsvarande dagens BARK-program.

Vidare vil vi få peike på viktigheita av ordninga med bygningsvernskonsulentar, som ein sentral høgkompetanseressurs av stor betyding både for private og offentlege eigarar av kulturminne. Etter vår erfaring ligg det store moglegheiter i vidareutvikling av denne ordninga, i tett samspel med kommunal ressurs- og kompetanseutvikling.

Tradisjonell handverks- og brukskunnskap er truga, til dømes i høve sjøbruk og erverv langs kysten. Her er kunnskapen om reiskapar og fangstmåtar på veg til å svinne hen, og forvaltninga av immateriell kultur bør kastast lys på i arbeidet med ei ny kulturminnemelding.

Til sist vil vi peike på moglegheitene i gode samarbeid mellom kulturminneforvaltninga, undervisinga i skulen og den kulturelle skulesekken. Her kan sterkare vektlegging i læreplanane i grunnskulen og vidaregåande skule av at ein skal nytte og gjere kjend lokale kulturminne og kulturmiljø vere av betyding.

Lukke til vidare med dette viktige arbeidet.

Eirik Bouwer Utne
Kultursjef
Meland kommune/
Alver kommune

Eileen M. Feste
Konst. kultursjef
Lindås kommune

Bente Kopperdal Hervik
Rådgivar kultur
Radøy kommune

Kopi til:

Bente Kopperdal Hervik

Eileen Marie Feste

Hogne Haugsdal